



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr1

Påske 2018

75. årgang



Vinter på Segberg i Åraksbø. Foto: Tone Norgarden Gakkestad

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Prostidiakonens årsrapport .....	s. 3–4
Gamle kyrkjeblad .....	s. 5–7
Mandelblomstring i Spania.....	s. 8
Nytt frå kyrkjelyden .....	s. 9
Gudstenesterekke, Ætt skal fylgja ættarrad, Vårprogram Fredheim bedehus .....	s. 10
Tilsette og kontaktinformasjon, Kyrkjebladet og målform, Årsfest .....	s. 11

# Trøyst, trøyst mitt folk

## Sokneprest Kjell Steinbru

Dei fleste kjenner nok til musikkverket Händels Messias med sitt kjente hallelujakor. Messias er eit jødisk ord for frelsaren, Jesus. Men Händels Messias er så mykje meir enn bare hallelujakoret. Det tek om lag to og ein halv time å framføre heile dette mektige verket.

Spesielt med dette verket er at alle tekstane består utelukkande av bibelsitat, og dei fleste av dei er faktisk henta, ikkje frå Det nye testamente som ein kanskje skulle tru, men frå profetbøkane i Det gamle testamente.

Verket byrjar så mektig i kapittel 40 hos profeten Jesaja, der profeten talar slik til dei bortførte av Israels folk:

*«Trøyst, trøyst mitt folk, seier dykkar Gud.*

*Tal til Jerusalems hjarte og rop til henne at hennar strid er fullført, at hennar skuld er betalt,*

*at ho har fått dobbelt av Herrens hand for alle sine synder.*

*Ei røyst ropar: Rydd Herrens veg i ørkenen, jamn ut i øydemarka ein veg for vår Gud!*

*Kvar dal skal hevast, kvart fjell og kvar haug skal senkast.*

*Bakkete land skal bli til slette og kollane til flat mark.»*

Desse versa frå profeten Jesaja innleier altså Händels Messias. Denne teksten i Jesajaboka vart som nemnt skrive til dei bortførte av Israelfolket som satt som fangar og slavar i Babylon. Men bodskapen lyfter seg samtidig over den tida og den situasjonen den vart skrive i. Teksten talar også sterkt til oss som lever i dag. Paulus skriv til dømes i innleiinga til 1. Korintarbrev om Gud, at *Han trøystar oss i all vår naud.*

Händels Messias vart opphavelig skrive med utgangspunkt i teksten frå den engelske King James Bible. Verket er også omsett til tysk, og der er teksten ikkje så ulik den norske: *«Tröstet, tröstet mein Volk, spricht euer Gott.»*

Teksten til Hallelujakoret er henta frå fleire tekstavsnitt i Openberringsboka. Sjølv halleluja-verset er frå Op. 19,6: *«Då var det som eg høyrde lyden av ein stor skare, eit brus frå veldige vassmengder og drønn av sterke toreslag. Dei ropa: «Halleluja! Herren vår Gud, Den allmechtige, har vorte konge!».* Dette har Händel fått fram på ein framifrå måte i Hallelujakoret.

Profetiane om den komande Messias (Jesus) er ramma omkring verket. Etter ei innleiing med desse profetiane kjem eit avsnitt som omhandlar Jesu fødsel og død. Men her hentar Händel også tekstane sine frå Det gamle testamente. Julebodskapen tek til med Jesaja 9,6: *«For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.»*

Så tek Händel oss vidare med inn i påskas dramatik. Men han skildrar ikkje sjølv hendingane i påska. Alt beskrivast gjennom sitat frå Det gamle testamente. Fokus er kva påska sine hendingar betyr for oss i dag. Til dømes nyttar Händel nokre vers frå Jesaja 53: *«Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte. Vi gjekk oss alle vill som sauer, kvar tok sin eigen veg, men skulda vi alle hadde, lét Herren ramma han.»*

I den siste delen er det den oppstadne og den levande himmelkongen Jesus Kristus som hyllast, mellom anna gjennom hallelujakoret. Men her er også andre sitat frå Openberringsboka. Mellom anna frå kapittel 11: *«Herredømet i verda høyrer no til vår Herre og den han har salva, og han skal vera konge i all æve.»*

Verket sluttar med ei hylling til Guds lam, Jesus, til dømes som i dette avsluttande sitatet frå Johannes openberringsbok, kapittel 5: *«Verdig er Lammet som vart slakta, verdig til å få*

*all makt og rikdom, visdom og styrke, ære og pris og takk. Og kvar skapning i himmelen og på jorda og under jorda og på havet, ja, alt som finst der, høyrde eg seia: Han som sit på trona, han og Lammet vere takk og ære, pris og makt i all æve.»*

Händel er også undervegs innom nokre sitat frå Paulus sine brev. Mellom anna 1. Korintarbrev, kapittel 15, 21f: *«Fordi døden er komen ved eit menneske, så er òg oppstoda av dei døde komen ved eit menneske. For liksom alle dør på grunn av Adam, skal alle få liv ved Kristus.»*

Heile Händels Messias er ei mektig Kristus-preike. Her bretter komponisten ut for oss heile bibelens mysterium. Han tek utgangspunkt i dei gamle profetbøkane, og ser samanhengen mellom det som står der og det som står i evangelia. Han får fram den djupareliggjande bodskapen i Bibelen, ikkje ved å forklare, slik som prestar og predikantar driv med. Händel har berre satt saman bibeltekstar på en framifrå måte, og saman med musikk har han skapt eit av dei mektigaste Kristus-vitnemål historia har høyrte.

Påska si brutale forteljing er vanskeleg å ta innover seg for oss moderne menneskje. Men saka er at Jesus døyde ikkje bare ein tragisk død som mange andre også gjorde under det brutale romerske styret i den tida. Jesus gav sitt liv, og han gjorde det for meg. Og han gjorde det for deg.

Kvifor? Det stend forklara i Filipparbrevet i kap 1: *«Så kan vi stå reine og ulastelege på Kristi dag, fylte av rettferds frukt som veks fram ved Jesus Kristus, til lov og ære for Gud.»*

Påska er ikkje bare død og tragedie. Påska handlar om oppstode, trøyst, framtidsvon og evig liv.

God påske til alle lesarar av Kyrkjebladet!

# Årsrapport

## fra prosti diakonen i Otredal 2017

### Innledning

Det er 500 år siden Martin Luthers slo opp sine teser i Wittenberg den 31 oktober og jubileet har blitt feiret i hele landet vårt. Og hovedtema for reformasjonsmarkeringen i Norge i 2017 er "Nåde". Det ble konkretisert ved tre undertemaer: "Frelsen er ikke til salgs", "Mennesker er ikke til salgs" og "Skaperverket er ikke til salgs". Vår kirkes flotte definisjon av diakoni berører det som har vært kirkens tema i Luther året og utgangs punkt for menighetens lokale diakoniplan: «Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet».



### Menighetsarbeidet i sammen med frivillige og diakoniutvalgene

I år igjen, har det vært en stor glede å få samarbeide med diakoni utvalgene i menighetene. Det frivillige gjør, er en utrolig stor tjeneste, og jeg må bare si takk, for det er ingen som kan fylle den enkeltes plass. Alle er helt unike og uendelig verdifulle i menighetens arbeidet.

Diakonien søndag har vært holdt i den enkelte menighet. Og jeg er takknemlig for det gode samarbeide, som det er i alle menighetene. I Hægeland hadde vi pilgrims vandring fra Bringsvær til Hægeland kirke på diakonien søndag. Bykle og Valle hadde i februar Bispevisitas. Det var fint å følge med Biskop Stein Reinertsen på visitas i begge kommunene.

Julegave treet, som var nytt i år ved Stallen under Jule markedet i Vennesla, var utrolig moro. Det var et fantastisk prosjekt, som Gunnar Knobel tok initiativ til. I løpet av de dagene så fikk flere i Vennesla oppfylt sitt jule gave ønske. Det var 300 ønsker som kom inn og alle gave lappene(se bilde) ble gitt ut og alt igjennom et godt samarbeide med frivillige, organisasjoner og kommunen.

### Kriseteam

Jeg har i år har vært med på katastrofe øvelsen i Evje og Hornnes , Bygland og Valle kommune. Jeg er en del av kommunenes krise team og denne gangen var jeg en del av evakuerte og pårørende senteret( EPS) Det er viktig med øvelse, så en er bedre rustet og samkjørte når noe skjer.

### Påfyll

Jeg var med på årlige samlingen for diakonene i Agder og Telemark Bispedømme, som var på Vegårshei. Det var inspirerende, med gode foredragsholdere og godt fellesskap Jeg er også sammen med diakonene i Kristiansand og har det siste året deltatt i Arbeids veiledning(ABV).

Jeg hadde i år gleden å få være med på menighets turen, som Bykle og Valle menighet arrangerte «I Luthers fotspor» . Det var en fantastisk tur, og en god innføring i Luthers liv, som ble ledet av Henrik West organist i Valle/Bykle. I juni var jeg sammen med staben i Vennesla på tur til Danmark

Det har vært ulike temakvelder i menighetene. En av de som berørte meg var Valborg Nome-land, som i samarbeid med Per Emanuelsen fortalt sin historie om hverdag med MS.

### **Flyktninger**

Det er blitt en stor endring for flyktningene i løpet av året som er gikk. Det er flere som har fått opphold ,men for andre flyktninger, er det en usikker fremtid og mottakene har blitt lagt ned. Og flere har flyktet fra landet.

I høst hadde vi en flerkulturell samling på Evje, i sammen med menighetene der. Vi håper på samling en gang i måneden til neste år.I Bykle har vi hatt middags felleskap med flyktningene

Det gjøres et godt frivillig arbeide i alle menigheten i prostiet for våre nye landsmenn.

### **Evje Fengsel**

Har jeg hatt samlinger fast en gang i måneden. Det varierer med fremmøte fra 1 til 7 stk. Det er fint å komme innom på fengselet. Vi samles til en nattverd gudstjeneste og avslutter med en samling på stua, med kaffe og hjemmebakst og en god prat. Der er jeg alltid sammen med 1-2 faste frivillige.

### **Sykehjemmene**

Jeg har i løpet av året vært innom alle sykehjemmene, med andakt, besøk og samtaler. Jeg har også vært sammen med diakoniutvalgene på sykehjemmet, med andakt. Det er utrolig fint å få komme rundt på de 7 forskjellige sykehjemmene som ligger i prostiet.

### **Avskjed og Velkomst**

Det har vært store endringer i stabene i året som er gått.

### **Oppfølgings tjeneste etter dødsfall**

I de fleste menigheten er det i dag et godt organisert oppfølgings tjeneste. Jeg har samling med de et par ganger i året.

### **Besøk og samtaler**

Det viktigste i tjenesten som Diakon er å møte mennesker der de er i livet. Jeg hadde i 2017 totalt 156 besøk, samtaler. Vennesla: 30 Øvrebø: 12 Hægeland: 8 Iveland: 15 Evje og Hornnes: 32 Bygland: 22 Valle og Hyllestad: 23 Bykle: 14.

### **Avslutning**

Det har vært et spennende og godt år. Jeg er fylt av takknemlighet og glede for at jeg får være diakon i Otredal prosti, og stor takk til alle som jeg får møte og samarbeider med. Så er det mi bønn at Gud må lede meg i tjenesten i Otredal prosti.

*Røyknes 22.01.2018*

*Anna Heggland, prosti diakon mob:91382835 E-post:anna.he@online.*

# Gamle Kyrkjeblad

## Kyrkjebladets påskenummer 1959

*Tekst: Olav Nilsen*

I Kyrkjelydsbladet nr.2 1959 finn me ei "midtside" som omhandlar påska i både ord og dikt.

Det byrjar med ei "Påskehelsing frå talarane ved aksjonsveka 3.-8.mars".

Denne aksjonsveka er nærare omtalt i førre nummer av Kyrkjebladet dette året, og har som motto: "Våg stor ting for Gud - vent store ting av Gud". Aksjonsveka vert omtala slik: "Første veka i mars vert det halde evangelisk aksjon i Bygland og Valle prestegjeld. Liknande aksjonsvekor har det vori halde mange stader kring i landet i seinare tid. Det har hendt store ting under desse møta. Dei har samla meir folk om Guds ord enn nokon har sett på lange tider. Dei truande har smelta saman i eit sant brodersamfunn, mange har funne liv i Gud. Dette ynskjer me må hende i våre bygder og. Alle som bed og kjenner sitt kristenansvar, må no be dagleg om dette. Be åleine, og kom saman til bøn. Kvar einaste husstand i prestegjelda vil få vitjing av innbydarar sist i februar. Dei som har bilar vil me gjerne be vera hjelpsame med transport til møta. i Bygland prestegjeld vert møtestadene: Årdal kyrkje, Bygland kyrkje og Åraksbø og Austad kyrkjor.

Lat oss no venta store ting av Gud, og våga og be om det".

Det gjeng fram at aksjonen vart arrangert kvar kveld frå tysdag 3. mars til søndag 8.mars, og at talarane var som fylgjer:

Bygland kyrkje: Sokneprest Olav Gautestad  
Årdal kyrkje: Sekretær Odd Oterholt  
Åraksbø kyrkje: Sekretær Haavard Birkeland  
Austad kyrkje: Pastor Eugen Spydevold  
Alle stader: Prost Sigurd Roe

Vidare kan me lesa at "Sundag 8.mars vert det dessutan gudsteneste kl.11. i dei 4 kyrkjene"

I Kyrkjelydsbladet juni 1959 kan me så lesa rapportar frå dei einskilde kyrkjelydane om resultatata av denne aksjonsveka, som altså gjekk føre seg i fire kyrkjer samstundes!

Frå Årdal kyrkje fortel Nere Langerak mellom anna fylgjande:

"Då opningskvelden kom, var kyrkja fullsett, og det heldt fram på alle møti. Bodskapen om synd og nåde sokk i forsaml- inga, og me fekk og sjå synlege frukter. Difor våga me ikkje å slutta etter ei veke, men heldt fram ei veke til med godt frammøte kvar kveld".

Frå Bygland kyrkje er det Per Naaas som rapporterer:

"Folk ikkje berre kom, dei høyrde og. Det var lett å tale. Gautestad sådde ordet ut, og sette folket på val. Så langt vi veit var det ingen som våga å ta eit avgjort standpunkt for Jesus Kristus. Men vi har lovnaden om at Ordet ikkje skal vende tomt tilbake".

H.Eldhuset har mellom anna fylgjande å beretta frå Sandnes kyrkje, Åraksbø:

"Ein og annan gav seg over til Gud, ikkje mange, ikkje slik at ein kunne tale om vekking. Men det er ikkje tvil om at mange vart fornya, og at mange som framleis står framande for Guds rike, kjende kallet sterkt".

Toralf Scheie har vore på møta i Austad kyrkje, og innleier med å seie kor spent han var på om folk kom. Men så seier han: "Eg skal seie at vi vart gledelig overraska i så måte. Trass i eit hylgjande regn gjennom heile vika og vegane gjekk bokstaveleg tala i oppløysing, så møtte likevel folket godt fram. Kveld etter kveld kunde ein gleda seg over ei på det ner- ast fullsett kyrkje, der Guds råd til frelse vart bori fram av varme hjartor både i song, tale og vitnemål".

Det er altså talarene under denne aksjonsveka som kjem med sine helsingar på side 6 og 7 i dette bladet.

På slutten finn me ei Amerika-helsing frå Jorånd Rønne. Me veit ikkje noko meir om denne dikteren, utanom at vedko- mande må ha røter frå Bygland. Og det er tydelig at barndomsminna frå heimbygda er sterke og gode, når det i fyrste verset står:

"Fagre Bygland, midt i dalen, venast stad på denne jord".

Mange av oss ber på gode minner frå vår barndoms dal, og godt er det.

Ekstra sterke vert dei ofte når ein ser dei på avstand - langt heimefrå.

God påske!

# PÅSKEHELING

FRÅ TALARANE VED AKSJONSVEKA 3.—8. MARS



Det er eit salmevers som har vorte mi påskebøn i år:

**Derfor beder jeg med tårer,  
led den inn i mine årer,  
floden som kan klipper velte,  
floden som kan isbjerg smelte,  
som kan blodskyld tvette av.**

Ofte kjenner eg på synd og skam. Då er det godt å ha ein frelsar som kan reinsa sjeli så kvit som snø. — Ja, om syndi er stor, så er nåden endå større.

Men krafti frå Kristi kross må koma inn i hjarto våre, elles vert den ikkje til noko hjelp for oss.

Men den som opnar seg for Kristus, han fær taka imot ein rikdom som varer for alle tider. —

Så takkar eg hjarteleg for gilde samvær i Åraksbø ved aksjonsveka 3.—8. mars.

Med venehelsing  
**Haavard Birkeland.**

## **Påskemorgen slukker sorgen.**

Det er eit påskeminne som har fylgt meg som eit fagert minne gjennom heile livet.

Far var ofte tungsindig. Ja ofte låg det som ein tyngsel over han som kunne vare i månadsvis. Men så ein påskemorgen vakna eg ved at far sat ute på kjøkenet og song:

**Påskemorgen, slukker sorgen  
slukker sorgen til evig tid.  
Den har oss givet, lyset og livet  
Lyset og livet i dagning blid.**

Han hadde ei vakker songrøyst, og eg høyrde på songen at no var far løyst.

Påskeevangeliet hadde løyst han —! Slik kjem påskeevangeliet til meg kvart år.

Lat oss juble ut frå djupet av vår sjel:

**Påskemorgen slukker sorgen!**

Mi varmaste påskehelsing til alle i Bygland sokn.

**Olav Gautestad.**

## **Mitt påskeord.**

Skal jeg få fortelle hvilket bibelvers som er kjærest for meg, må det være Jes. 53, 5: «Han er såret for våre overtredelser, knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham forat vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått legedom.»

Hvorfor dette er kjærest? Jo, her fikk jeg se det som kunne løse meg da jeg ikke kunne få det til å tro meg frelst. Løsningen var: Han hadde gjort alt for meg.

Og i dette, alt for meg, får jeg leve hver dag. —

Lever du der, eller hva?

**Hilsen Odd Oterholt.**

## **Løyst.**

På eit hospital i ein av byane våre, låg det ein ungdom som heitte Kristoffer. Då presten, ein av mine kjenningar, kom på vitjing, såg han snart at det leid mot slutten. Bleik og uttærd låg han der i sjukesenga, men augo hans lyste. Og med jublande glede sa han til presten: «Det er påske i dag.» «Ja,» sa presten, «det er langfredag.» «Å nei,» sa Kristoffer, «De forstår meg ikkje, prest.» Og så lyfte han den knoklute handi si og la henne inn til hjarta. Og så fortalde han at då han lydde til gudstenesta gjennom radioen, så var det eit ord som hadde løyst han og gjort han lukkeleg, og det var dette ordet frå Jesaja 53, 5: «Ja, han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder; straffi låg på han, så me

skulle få fred, og ved hans sår hev me fenge lækjedom.»

Eg ville gjerne at dette ord, som har den store tonen i dei djupaste av påkesalmane våre, skulle vera mi påskehelsing til kyrkjelydane i Bygland.

Mätte det løyse ut lovsongstonen i mange hjarto, og gi hug til å leve for Han som døydde for våre synder og vart oppreist til vår rettferdiggjering.

Så vil eg få seie hjartans takk for gilde og ugløymande samvær i kyrkjene under den evangeliske aksjonen. — Gud signe kyrkjelydane, og Han signe den nye soknepresten, og gi han nåde og kraft til den tenesta som han snart skal gå til.

**Sigurd Roe.**

#### «Se der Guds lam.»

Johs. 1, 29.

Vi stilles i dette ordet foran Golgatakorset, og det frelsesverk som Jesus der tilveiebrakte. Når vi tenker på Jesu Kristi forsoningsverk, så er det av stedfortredende art. Det var for meg, det var for deg, han led og døde. Sannheten var nemlig den at synden måtte sones, for etter syndefallet kunne ikke Gud ta oss mennesker inn i samfunnet med seg uten soring. Guds rettferdighet måtte gå sin gang, og det er nettopp det som skjer på korset. Jesus soner stedfortredende for hele menneskeslektens synd og skyld. Tenk hvilken nåde Gud har vist oss, og vi skulle jo være så takknemlige. Så blir da spørsmålet: Hvordan skal jeg arme syndige menneske på rett måte takke Jesus for Golgataverket? Jo det er at vi gir oss hen til Jesus slik som vi er, og jeg vil si: Vi som har overgitt oss før til Jesus, vi gjør det pånytt. Vi folder våre hender, og bøyer våre knær, og til deg som måtte lese disse linjer, og som ennå ikke har overgitt deg til din frelser, vil jeg si: Gjør det i dag, og du skal få oppleve at Jesus tar imot deg, og frelser deg. «Tenk hvilken salig dag du fikk om du begynte nu i dette øyeblikk.»

**Eugen Spydevold.**

## Fagre Bygland —

### Helsing frå Amerika.

Fagre Bygland, midt i dalen,  
venast stad på denne jord.  
Fjella rauste stend rundt grenda  
talar til oss utan ord.

Midt i bygda stende kyrkja  
som gjev ljøs og ævevon.  
Aldri vil me finne maken  
kvar me gjeng i sud hell nord.

Kyrkjeklokka kallar hopen  
saman i frå strev og slit,  
kallar kvar ei sjel som vil drar  
gjennom verda hit og dit.

I dei lange farne tider  
folket gjekk på kyrkjeveg,  
mange med ei bøn i hjarte,  
bad for andre og for seg.

Kjære Gud nå må du sende  
vekking til vår bygd og land,  
slik at mange kan få røyne  
di den sterke frelsarhand.

Med ei salmebok i handa  
gjeng dei stilt i Gudshus inn.  
Songen ljomar til Guds ære.  
Orgeltonen syng i sinn.

Om enn songen her skal tagna  
i vår jordisk' jammerdal,  
skal vel velkomstsongen ljoda  
høgt i ljose himmelsal.

Mosegrodde minnesteinar  
stille står på kyrkjegard.  
Kjære minne der er gøynde  
på den siste kvilestad.

Deira kroppar der er gøynde.  
Sjela ho er i forvar,  
til vår frelsar kjem som domar  
på den siste store dag.

Lat oss medan me har dagen  
bruke rett vår nådetid.  
Kjære vener står og ventar.  
Tenk det snart mot kvelden lid.

**Jorånd Rønne.**

# Mandelblomstring i Spania

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Denne vinteren har vore kald og snøråk over heile Europa, og heilt nede i Spania har det vore store snøfall, spesielt i fjella og i nord.

Costa Blanca-kysten og Costa del Sol som ligg langs med Middelhavet gjeng som regel fri av snøveret, men det kan likevel vera både kaldt og regnfullt på sure vinterdagar.

Costa del Sol har denne vinteren fått ganske godt med nedbør, medan Costa Blanca framleis treng meir regn for at avlingar og vassforsyning skal sikrast på ein god måte.

Våren kjem vanligvis tidleg i dette området, og ofte ligg vårblomane som eit vakkert teppe over åkrar og enger allereie i midten av januar.

Men litt oppe i høgda kjem våren sjølvsgatt noko seinare, og før nokre år sidan var eg med på en tur over dei Andaluciske høgslottene i midten av mars. Langsmed vegen bløma det tusenvis av mandeltre i kvitt og rosa, nysnøen låg nesten ned mot vegkanten og i horisonten trona Sierra Nevada med sine snøklede

majestetiske fjell! Eit mektig syn som ikkje står noko tilbake for ein Vestlandstur ein fager sumardag!

Høgste fjellet i Sierra Nevada er på 3.478 meter over havet, og med si plassering heilt i søraust, tek det berre eit par timars kjøretur frå strandliv til flott skiføre.

Fjella langs Costa Blanca-kysten strekk seg ikkje så høgt, men høgste nuten bak Alfaz del Pi er Puig Campana på 1.406 meter over havet, og på klare soldagar kan ein herifrå sjå heilt ut til Ibiza og Mallorca i nord-aust.

Ein noko grå søndag i byrjinga av denne månaden tok me turen frå Sjømannskyrkja ved Solgården i Villajoyosa etter gudstenesta, kørde opp til Sella, og vidare over fjellet til Guadelest som er eit kjent turistmål på Costa Blanca-kysten. For meir info, søk på "Guadelest" på Google.

På Guadelest ligg og hovudvasskjelda for fleire kommunar i området, mellom anna storbyen Benidorm rett sør for Alfaz del Pi.

Då me kom opp i rundt 1.000 meters høgde blømde framleis mandeltrea på rekke og rad, og ramma fjella og skogen rundt i ein kvitt og rosa fargeprak som er eit syn for auga og ei kvile for sjela. På ein sundags ettermiddag var det stille og fred som rådde grunnen her oppe, men då sulten byrja å gnaga i skrotten stoppa me på eit hotel i ein liten landsby og sette til livs ei knakande god og varm kyllingsuppe med kjøttbollar i.

Mandelproduksjonen i Spania utgjorde 214 tusen tonn i 2016, og dermed ein monaleg del av landets samla verdiskaping.

Lite nedbør og sjukdom har dei siste åra råka mandelproduksjonen hardt, så sjølv om me turistar gjerne vil ha sol og sumarvarme når me kjem på sørlegare breddegrader, skal me hugsa på at regnfulle dagar gjer godt både for bøndene, for vassforsyninga, og for oss som vil oppleva all den vakre naturen som openberrar seg berre nokre kilometer innanfor dei langstrakte sandstrendene langs Middelhavskysten av Spania.





# Nytt frå kyrkjelyden

Tekst og foto: Kjell Steinbru



Kristine Borgen.

## Vikarprest

Presten Rune Stormark har vore sjukemeldt ei stund no. I hans fråver har vi fått Kristine Borgen inn som vikar. Kristine er frå Kvarstein i Vennesla. Ho har tre søner på 16, 18 og 20 år. Kristine har dei siste åra arbeidd med psykisk helse i Kristiansand kommune. Ho byrja på teologistudiet allereie i 1990, og gjorde ferdig avsluttande praktikum i 2016. I mellomtida har ho arbeidd med mykje forskjellig, blant anna som lærar og journalist, og som kyrkjelydssekretær i Vesterålen og som ungdomsarbeidar i Torridal kyrkjelyd. Vi ynskjer ho velkomen til Bygland.

## Lys Våken

10. og 11. februar vart Lys Våken arrangert i Evje kyrkje. Lys Våken er eit trusopplæringsarrangement for 10-åringar der borna søv over i kyrkja. På laurdagskvelden fann vi på mykje moro, men litt «alvor» var det også, sjølv sagt. Sokneprest Kjell Steinbru leia arrangementet. Og det var difor naturleg å invitere 10-åringane frå Bygland til arrangementet. Det er ikkje så mange døypte i dette årskullet. Men det kom to frå Byglandsfjord som vart med. Dei fekk med seg ei oppleving dei sikkert vil hugse godt. Det er ikkje så mange som har sove ei heil natt i ei kyrkje. På kvelden øvde vi på forskjellige innslag som vi framførte i gudstenesta. Eit av innslaga var Lys Våken-dansen. Her var Inger Lise Stulien og presten danseinstruktørar.

Kvelden vart avslutta med ein andakt inne i altarringen. Der fortalde presten at kyrkja var det tryggaste huset ein kunne sove i, for der var Jesus til stades på ein spesiell måte. Her er eit bilete frå danseøvinga.



Lys Våken 2018.

## Andaktar på Byglandsheimen

Det er andaktar på Byglandsheimen annakvar veke. Det er ekstra hyggjeleg om nokon kjem utanfrå og er med oss på andaktane. Andaktene tek til kl. 14.00, og er på desse datoane:

Torsdag 29. mars: Skjærtorsdag. Gudsteneste med nattverd.  
10. april  
24. april  
8. mai  
22. mai  
5. juni  
19. juni



## Konfirmasjonar

Det vert konfirmasjonar følgjande datoar:

**Årdal kyrkje** søndag 20. mai kl. 11:00 (1. Pinsedag): Benjamin Kallhovd Tobias Rokoengen Kjetså  
**Bygland kyrkje** laurdag 26. mai kl. 11:00: Audun Attestog Tarald Simonstad Kvaale Malin Nielsen Langemyr  
**Austad kyrkje** laurdag 9. juni kl. 11:00. Vegard Heia

Samtalegudstenesta, eller overhøringa som det heitte i gamle dagar, vert den 15. april kl 16.00 i Årdal kyrkje. Denne gongen skal vi snu litt på flisa. No er det konfirmantane som skal overhøre presten. So no får prestane attende etter å ha plaga konfirmantane opp gjennom tida med allverdass spørsmål frå katekisma (som dei måtte lære utanåt før i tida).



VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

**18. mars. Maria bodskapsdag.**

Bygland kyrkje kl. 16:00.  
Familiegudsteneste. Kristine Borgen. Takkoffer: MINIOR (Bygland søndagsskule). Luk 1,46-55.

**25. mars. Palmesøndag.**

Hovatn ved Åraksbø kl. 12:00:  
Friluftsgudsteneste. Kjell Steinbru. Matt 26,6-13.

**29. mars. Skjærtorsdag.**

Byglandsheimen kl. 14:00.  
Gudsteneste. Kjell Steinbru. Nattverd. Luk 22,14-23.

Årdal kyrkje kl. 19:00.

Gudsteneste. Kjell Steinbru  
Nattverd. Ofring: Det Norske Misjonsselskap. Luk 22,14-23.

**30. mars. Langfredag.**

Sandnes kyrkje kl. 19:00.  
Gudsteneste. Kjell Steinbru. Joh 18,1-19,42.

**31. mars: Påskafta**

Austad kyrkje, Tveit kl.19.00:  
Påska i ord og tonar

**1. april. Påskedag.**

Bygland kyrkje kl. 11:00.  
Høgtidsgudsteneste. Dåp.  
Kjell Steinbru. Vonheimkoret.  
Ofring: KVS Bygland, Nattverd.  
Matt 28,1-10.

**15. april. 3. søndag i påsketida.**

Årdal kyrkje kl. 16:00. Samtale-  
gudsteneste med konfirmantane.  
Kjell Steinbru og Kristine Borgen.  
Ofring: Kristen Idrettskontakt –  
KRIK. Nattverd. Joh 10,1-10

**22. april. 4. søndag i påske-  
tida.**

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Familie-  
gudsteneste. Kristine Borgen.  
Ofring: Kyrkjelydens misjonspro-  
sjekt i Kambodsja. Joh 13,30-35.

**6. mai. 6. søndag i påsketida.**

Årdal kyrkje kl. 16:00.  
Gudsteneste. Kristine Borgen.  
Ofring: Kyrkjelydens misjonspro-  
sjekt i Mali. Nattverd. Matt 7,7-12.

**17. mai.**

Årdal kyrkje kl. 11:00. Familie-  
gudsteneste. Kristine Borgen.

Ofring: Frelsesarmeen.  
Matt 22,17-22.

**20. mai. 1. Pinsedag.**

Årdal kyrkje kl. 11:00. Konfirma-  
sjongsgudsteneste. Kjell Steinbru.  
Ofring: Sjømannskirken. Joh  
14,15-21.

**Laurdag 26. mai.**

**Treeiningsdagen.**  
Bygland kyrkje kl. 11:00.  
Konfirmasjonsgudsteneste. Kjell  
Steinbru. Ofring: Kirkens SOS i  
Norge. Joh 14,15-21.

**3. juni. 2. søndag i treeinings-  
tida.**

Sandnes kyrkje kl. 11:00. Gudsten-  
este. Kjell Steinbru. Ofring:  
Menighetsfakultetet. Nattverd. Gal  
3,23-29.

**Laurdag 9. juni. 3. søndag i  
treeiningstida.**

Austad kyrkje kl. 11:00. Konfirma-  
sjongsgudsteneste. Kjell Steinbru.  
Ofring: Evangeliesenteret. Joh  
1,35-51.

**1. juli. Aposteldagen.**

Tveitå garden på vestsida av  
Byglandsfjorden kl. 12:00: Friluftsg-  
udsteneste. Matt 16,13-20.

**ÆTT SKAL FYLGJA  
ÆTTERRAD**



**DØYPTE TIL KRISTUS**

Sandnes kyrkje:  
25. februar: Eskil Vollen Nordgarden.

Årdal kyrkje:  
10. desember: Mikkel Rauk-Lødrup.  
14. februar: Jørund Jore Gakkestad.  
11. mars: Mille Faremo Horverak.

**Døde**

Erna Mimmi Hægeland, født 12.08.1935  
død 27.01.2018  
Eivind T. Sordal, født 26.09.1943  
død 05.02.2018  
Siri Skreland Homme, født 13.08.1933,  
død 05.01.2018

**Samlingar på Fredheim bedehus Byglandsfjord  
Vårhalvåret 2018**

April:

Ons. 4. Møte med Hilde og Alf Halvorsen  
kl.19.30 Normisjon.  
Mån. 9. Barnekoret øver kl. 17.00 - 18.00.  
Tys. 10. Bønneringen kl. 20.00.  
Tors. 12. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Ons. 18.- Møteveke med Edvard Foss frå IMF  
Søn. 22. Møte kvar kveld kl. 19.30, unntatt laurdag.  
Mån. 23. Barnekoret øver kl. 17.00 - 18.00.  
Tors. 26. Torsdagsklubben kl. 19.00.

Mai:

Ons. 2. Møte med Knut Svein Dale kl. 19.30.  
Normisjon.  
Tys. 8. Bønneringen kl.20.00

Velkomen til dei samlingane som passar for deg!

## KYRKJEBLADET OG MÅLFORM

Kyrkjebladet for Bygland er no inne i sin 75.årgang, og har i all hovudsak alltid vore skreven på nynorsk. Det vil likevel vera slik at dei som skriv ikkje alltid ligg heilt opp til den konservative nynorsken som eg i hovudsak nyttar, og som eg lærte då eg var elev på Eikeland skule i Hægeland frå 1. til 3.klasse.

Eg har vore redaktør av Kyrkjebladet sidan Bernt Olav Jenssen slutta som sokneprest i Bygland, og dei fyrste åra gjekk eg av og til inn og retta på ord og uttrykk som andre bidragsytarar kom med, og som eg meinte braut med "god nynorsk" slik mi forståing av dette var.

No velger eg i hovudsak å la den enkelte skribent få koma fram med bodskapen sin med deira uttrykk og skriftmål.

I dette nummeret trykker me mellom anna prostidiakon Anna Hegglands årsrapport for 2017. Den er skreven på bokmål, og på hennar måte, og slik vil eg at det skal stå.

Det er ofte knappe tidsfristar på stoffet som kjem inn, og enkelte gonger der eg nok kunne omskreve eit program eller liknande til nynorsk, rekk eg det ikkje før bladet lyt gå i trykken.

Det ber eg om forståing for når det berre er eg som sit på kontoret og arbeider med dette.

I denne utgåva av Kyrkjebladet har me teke med to sider frå påskenummeret i 1959. Der vil me sjå at både sekretær Odd Oterholt og pastor Eugen Spydevold delar sine helsingar på det målet dei sjølve tala og skreiv.

Då vonar eg Kyrkjebladets lesarar kan leva med det same 59 år seinare.

Samstundes skal ingen vera i tvil om at brorparten av artiklane i Kyrkjebladet og i framtida vert skreven på nynorsk!

Olav Nilsen

## Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . .37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

**Sokneprest Kjell Steinbru**  
Telefon: . . . . .473 28 472  
E-post: prest@evje.kirken.no

**Kyrkjeverje Olav Nilsen**  
Telefon: . . . . .982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

**Bygland kyrkjelege fellesråd og  
Bygland sokneråd**  
Leiar:  
Knut Gakkestad  
Mobil: . . . . .948 80 383  
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

**Årdal sokneråd**  
Leiar:  
Gunnar Gautland  
Mobil: . . . . .908 25 928  
E-post: ggautland@agder.no

**Tilsette  
Kyrkjeverje**  
Tore Moseid . . . . .462 39 056

**Organist**  
Britt Haugen . . . . .472 33 165  
Torgny Sandland . . . . .951 68 579  
Hans Jurgen Wiehe . . . . .915 47 804

**Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes**  
Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

**Kyrkjetenar, Årdal**  
Tore Moseid. . . . .462 39056

**Kyrkjetenar og klokkar, Bygland**  
Kim Andre Thorstensen . . 984 69 989  
Svein Kleivane . . . . .977 74 321

**Kyrkjetenar, Austad**  
Tore Moseid . . . . .462 39 056

**Klokkar, Austad**  
Svein Kleivane . . . . .977 7 4321  
Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

**Reinhaldarar**  
Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034  
Marie Bue (Bygland) . . . . 482 10 259  
Thora Bakke Nordgarden  
(Sandnes) . . . . .994 54 393  
Therese Gautestad  
(Austad) . . . . .901 94676

**Prostidiakon Anna Heggland**  
Mobil: . . . . .913 82835  
Mail: anne.he@online.no

## ÅRSFESTEN SUNDAG 4. MARS



Foto: Ingebjørg H.Lidvteit

I samband med gudstenesta i Ose Grendehus søndag 4.mars var det Årsfest for kyrkjelyden i Årdal sokn, med heile 25 gudstenestedeltakarar tilstades.

Sokneprest Kjell Steinbru deltok, og vikarorganist Kåre Eidem tok vegen frå Evje saman med kona si Lindy.

Det vart ei gild gudsteneste og ein god årsfest.


Signe Arneberg vart spesielt takka av soknerådsleiar Knut Gakkestad for mangeårig trufast arbeid som friviljug revisor for rekneskapa til Årdal og Bygland sokn.

# B - BLAD

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



NORGE P.P. PORTO BETALT



*Vinterdag i Iddedalen ved Turteli på Byglandsheia.  
Foto: Frank Egil Reise*